



ÅL  
HALLINGDAL



SOMMAR

A wide-angle photograph of a calm lake reflecting a blue sky with scattered white clouds. In the background, there are rolling green hills and mountains. The water is very still, creating a clear mirror image of the sky and the distant land.

# Uteglede

*Midt mellom Oslo og Bergen finn du kultur- og friluftslivskommunen Ål.  
Med eit rikt kulturliv, sine mektige fjell, frodige skogar og mange  
fjellvatn er Ål ideelt for aktivitetar, sommar og vinter.*



# Innhald

Kjenn auren nappar .....	4
Pakk ryggsekken og kom deg ut på tur .....	5
På sykkel i Ål .....	6
Barnas valg .....	7
Opplev kulturkommunen Ål .....	9
Arrangementsbygda Ål .....	10
Lokale varer .....	12
Kortreist mat frå fjella i Ål .....	12
Ein stor hyttekommune .....	15
5-stjerners opplevingscamping ...	16
I sentrum av Hallingdal .....	18
Ta gjerne kontakt med oss! .....	18
Ei god natt .....	19
Overnattingsstadar .....	19-23



## Kjenn auren nappar

Ta med deg telt og fiskestong, vakne til blick stille vatn og panoramautsikt i vakre Ålingsfjell. Det er mange elvar og fjellvatn, både i skog- og høgfjellsterreng i Ål.

Dei fleste plassane har lett adkomst og turen fram byr på fine naturopplevingar. Ynskjer du deg høgt til fjells bør du ta turen til Bergsjøområdet, lungsdalen eller Fødalen.





## Pakk ryggsekken og kom deg ut på tur

Med godt tilrettelagte turar er sjansane store for at du reiser heimatt med uforglymelege minner frå ein fantastisk natur.

10 turfavorittar i Ål, har kvart år 10 turar som er merka og rydda for årets sesong. Du kan kjøpe klyppekort og vere med i turprogrammet. I tillegg finst det mange fleire merka turar rundt om i kommunen.



## På sykkel i Ål

Flotte sykkelstigar i vakker natur på høgfjellet eller gjennom ein skog.

I Hallingdal Sykkelpark og Ørneparken kan ein leike seg med ulike element som gir utfordringar for alle aldersgrupper. Hillbilly MTB tar deg gjerne med på ein guida stisykkeltur.

Fleire stader i Ål kan du også leige sykklar.





## Barnas valg

Tilbring sommarferien med å ri på hest, på eit stølsbesøk eller kanskje i ein av fornøylesparkane. Med kort avstand mellom aktivitetane, skal det godt gjerast å ikkje få med seg nokre flotte opplevingar attende.







# Opplev kulturkommunen Ål

Ein kommune fylt med kulturminner og skattar, Rolf Nesch, rosemåling og folkemusikk. Her finn ein Hallingdals eldste og einaste originale stavkyrkje – Torpo stavkyrkje frå omkring 1160.


Eit aktivt og levande kulturmiljø pregar Ål som ein av landets fremste kulturkommunar.

## Ål kulturhus

Kulturhartet i Hallingdal. Her blir det halde konsertar, kino, teater og framsyningar gjennom heile året. Ål bibliotek ligg også i kulturhuset.

## Leveld kunstnartun

Det arrangerast både utstillingar, konsertar og stabbursfrieri på Leveld kunstnartun. Bjørneboloftet gjer tunet komplett både som kultursmykke, skrivestad og tankeloft. Fjellbygda Leveld er dessutan eit av ti nasjonalt utvalde kulturlandskap i Noreg, med eit sær sars heilskapeleg preg.





## Arrangementsbygda Ål

Ål er ei bygd kjent for sin dugnadsånd og evna til å få gode idear ut i verkelegheit. Dette resulterer i ulike festivalar, skirenn, idrettscupar og konsertar. Minst tolv store tilstellingar går årleg av stabelen, noko som har gjort Ål til ekspert på store arrangement. Mellom anna blir to av verdas største barneskirenn og landets eldste musikkfestival arrangert her.

### Kva skjer i Ål?

Ål har sin eigen arrangementskalender der du får oversikt over kva som skjer og når det skjer. Den finn du på [www.al.no](http://www.al.no).



## Lokale varer

Ål sentrum, Sundre, er eit tett og triveleg handelssentrum med mange butikkar og servicebedrifter. Her finn du eit godt utvalg av kafèar og restaurantar, lokale varer, samt det siste innan mote og interiør.



## Kortreist mat frå fjella i Ål

Smak ekte Hallingkost! Tradisjonsrik mat, laga av lokale råvarer etter godt bevarte oppskrifter. Ål har ein variert matkultur. Rømmegraut, lappar og småmat med lefsekling er verkeleg smaken av Ål.









## Ein stor hyttekommune

I Ål kan du kjøpe deg din eigen hyttedraum. Ynskjer du å leige hytte er det fleire private som leiger ut, samt Norgesbooking som har hytteutleige i heile Ål.



# 5-stjerners opplevingscamping

1 km frå Ål sentrum ligg Hallingdal Feriepark, ein 5-stjerners camping, kåra til ein av Europas beste campingplassar.

Her har du moglegheit til å spela eventyrgolf, klatre høgt og lågt i klatreparken, besøke dyr i 4H-garden, ta ein tur i Hallingdal sykkelpark eller boltre deg i innandørs leikeland. Parken ligg idyllisk til, langs Hallingdalselva med elvhytter til utleige og eigen restaurant.







# I sentrum av Hallingdal

Ål i Hallingdal er sentralt plassert i Norge, om lag midt mellom Oslo og Bergen og inntil Rv. 7 og Bergensbanen.

## TRANSPORT



Rv. 7 frå Oslo: Ca. 2t, 30 min.  
Rv. 7 frå Bergen: Ca. 3t, 45 min.



Oslo Lufthavn Gardermoen, [www.osl.no](http://www.osl.no)  
Sandefjord Lufthavn Torp, [www.torp.no](http://www.torp.no)  
Fagernes Airport Leirin: 77 km frå Ål.  
[www.fagernesairport.com](http://www.fagernesairport.com)



Bergensbanen har 4-5 stopp på  
Ål stasjon i døgnet. Ål stasjon ligg  
rett ved Ål sentrum. [www.nsb.no](http://www.nsb.no)




Ål Drosjesentral, Helsetunvegen 20, Ål  
Tlf. 32 08 11 01. [post@aaltaxi.no](mailto:post@aaltaxi.no)



Nettbuss Hallingdal Billag  
køyrer bl.a. lokale bussruter i Hallingdal.  
Tlf. 32 08 60 60. [www.nettbuss.no](http://www.nettbuss.no)  
For andre bussruter sjå [www.rutebok.no](http://www.rutebok.no)

## AVSTANDAR TIL ÅL

Oslo:	198 km
Bergen:	268 km
Drammen:	192 km
Hønefoss:	139 km
Larvik:	284 km
Fagernes:	73 km
Geilo:	25 km
Gol:	25 km
Nesbyen:	45 km
Hemsedal:	50 km
Flå:	76 km



## Ta gjerne kontakt med oss!

Lurar du på noko? Kontakt oss gjerne så får du den informasjonen du treng.

Ål Turistinformasjon i Ål kulturhus, Myren 40, 3570 Ål  
+47 32 08 10 60 | [www.al.no](http://www.al.no) | [post@alturistinfo.no](mailto:post@alturistinfo.no)



# Ei god natt

Det er mange moglegheiter til å vakne utkvilt til solstrålar, vatn og utsikt til naturen i Ål. På høgjellet, i skogen eller i sentrum kan du booke deg overnatting. Ta kontakt med Ål turistinformasjon for oversikt over dei ulike alternativa.



## Overnattingsstadar



### RØDUNGSTØL HØYFJELLSHOTEL

Her bur du midt i høgjellet og har eit svært godt utgangspunkt for alt av utandørsaktivitetar. 40 rom samt 2 hytter.

Bergsjøområdet / tlf. 32 08 46 22 / [www.rodungstol.no](http://www.rodungstol.no)

### THON HOTEL HALLINGDAL

Hotell i sentrum med 67 store rom og inntil 220 sengeplassar. Av fasilitetar finn du mellom anna treningsenter og konferanseavdeling m.m.

Sundrev. 82 / tlf. 32 08 20 11 / [www.thonhotels.no/hallingdal](http://www.thonhotels.no/hallingdal)



HOTELL

## Overnattingsstadar

FJELLSTUER / PENSJONAT



### BERGSJØSTØLEN

Hotellets komfort og fjellstua sin atmosfære. Kan leigast med eller utan pensjon, tilpassa ditt budsjett. 30 rom for til saman 60–100 personar.

**Bergsjøområdet / tlf. 32 08 46 18**  
[www.bergsjostolen.no](http://www.bergsjostolen.no)



### OPHEIM PENSJONAT

Ligg landleg og sentralt til på Torpo, Ål i Hallingdal. Her kan du styre sjølv og føle deg som heime. Ynskjer du overnatting med historie er dette riktig plass. Pensjonatet har 5 rom med totalt 11 sengeplassar.

**Torpovegen 491, Ål / tlf. 997 97 526**  
[www.pensjonatet.no](http://www.pensjonatet.no)

### LIATOPPEN FJELLSTUE

Liatoppen Fjellstue er næraste nabo til Liatoppen Skisenter. 34 rom med kapasitet opp til 100 personar. Staden er mykje brukt til treningsamlingar og byr på nyoppussa lokale og hyggeleg atmosfære. Administrerer også Syningstølen og Torsteinslåtta gård.

**Liagardane / tlf. 32 08 55 57**  
[www.liatoppen.no](http://www.liatoppen.no)



### TORPO GJESTEGÅRD

Ski- og sykkelcamp langs Hallingdalselva. Gjestegården vil vere klar for utleige april 2018. Hotellrom, leilegheiter og hytter samt campingplassar.

**Torpo, Ål / tlf. 906 43 006**  
[www.gjestegard.no](http://www.gjestegard.no)



HYTTER



### BERGSJØSTØLEN HYTTE

Koseleg hytte like ved Bergsjøstølen (1100 moh). Hytta er på ca 55 kvm. 1 soverom med dobbeltseng og barnekøyeseng (160 cm) og 1 soverom med 2 separate senger. Kjøkkenkrok i stova og peisomn. Bad med dusj/toalett.

**Bergsjø, Ål / tlf. 32 08 46 18**  
[www.bergsjostolen.no](http://www.bergsjostolen.no)

### ENOK HYTTER

Enok Hytter er vertikaldelte hytter med god standard og plass til 5-6 personar. Alle hyttene har stove med TV, kjøkkenkrok, 1 soverom med 2 sengar, bad med dusj og soveplass på hems.

**Sataslåtten, Ål / tlf. 976 61 970**



### GRINDASTUGU

Storhytte med plass til 14 overnattingsgjester. For servering er det plass til 36 personar, med alt av utstyr som trengs for ein treretters middag. Grindastugu er ein av dei nærmaste naboane til Liatoppen Skisenter og svært godt egna for skigrupper.

**Liatoppen, Ål / tlf. 952 17 339**  
[www.grindastugu.no](http://www.grindastugu.no)

### HALLINGDAL FERIEPARK

★★★★★

Moderne høgstandard designhytter for 4/6/8 personar, flott plassert langs Hallingdalselva. Stort aktivitetstilbod i parken.

**Myrov.15, Ål sentrum**  
**tlf. 32 69 92 00 / [www.feriepark.no](http://www.feriepark.no)**






## IUNGSDALSHYTTA

Populær DNT-hytte som ligg praktfullt til innerst i Bergsjøområdet i Ål, og i hjartet av Skarvheimen. Hytta er kjent for å servere kortreist mat frå fjellet, og er også mykje besøkt av weekend- og dagsturgjestar.

**Toviki, Ål / tlf. 975 89 394**  
**www.iungsdalen.no**



## LIAPARK

★★★★★

Hyttepark med 6 høgstandard-hytter med 9 utleieeiningar like ved Liatoppen Skisenter. Totalt 100 senger og 15 bobilplassar. Felles smørebad, badstuer og vaskerom.


**Liagardsv. 511 / tlf. 950 76 196**  
**www.liapark.no**



## SKATTEBØL FJELLGARD

Garden ligg vakkert til med utsikt over Strandafjorden. På garden kan ein leige Kårstua for sjølvhushald. Hytta er i lafta tømmer fra 1700-tallet med kjøkken, eit soverom, stove med spiserom, hems og bad med dusj/toalett.

**Skattebøl, Ål / tlf. 941 94 187**  
**www.skattebol-fjellgard.no**



## SYNINGSTØLEN


Storhytte på Torpoåsen med skiløyper og turstiar rett utanfor døra. Hytta har sengeplass til 30 personar fordelt på 4 soverom og eignar seg godt for mindre grupper eller familiar som ynskjer å feriere saman.

**Torpoåsen, Ål / tlf. 468 32 959**  
**www.syningen.no**

## LAA GJESTESTUGU

Fin tømmerstugu, vakkert beliggande på solsida i Øvre-Ål, 3 km frå Ål sentrum. Sengeplassar til ca. 8-10 personar. Hytta inneheld kjøkken m/ oppvaskmaskin, stugu med peis, langbord og fleire sofagrupper, bad med boblebad, dusj og toalett.


**Øvre-Ål / tlf. 32 08 12 12**  
**www.al.no**



## ODD SKARSGARD HYTTEUTLEIGE

Tre hytter til utleige midt i Bergsjøområdet i Ål. Sengeplass til 10, 6 og 4 personar i hyttene. Innlagt vatn og straum med dusj og toalett.

**Bergsjø, Ål / tlf. 32 08 46 71**  
**www.al.no**



## SVARTEBERG FJELLGARD

3 hytter med god standard. Garden er nærmaste nabo til Ål Skisenter og blei tidlegare drive som pensjonat. Hyttene har frå 5 – 11 sengeplassar.


**Votndalen, Ål / tlf. 32 08 42 66**  
**www.svarteberg.com**



## TJUKKEKJØRR

Tjukkekjørr er ein støl 1024 moh i fjellheimen på Torpoåsen i Ål kommune. Dette er staden for deg som vil nyte friheten og roen. Her er det to hytter, kvar av dei har plass til ca. 10 personar.

**Torpoåsen, Ål / tlf. 900 36 442**  
**www.tjukkekjørr.no**



## Overnattingsstadar

HYTTER



### TVEITEHAUG HYTTEUTLEIGE



3 høgstandard tømmerhytter til leige på eit skjerma og hyggelig tun nær Ål Skisenter. Hytte 1 har 10 sengeplassar. Hytte 2 og 3 er vertikaldelte hytter med 6 sengar i kvar avdeling.

**Votndalen, Ål / tlf. 958 81 116**  
[www.tveitehaug.no](http://www.tveitehaug.no)

### TVEITO HYTTER

3 flotte tømmerhus av god standard. Utsikt mot Ål skisenter, kort avstand til fiskeelva Votna og til preparerte langrennsløyper. Hyttene har plass frå 6–9 personar.

**Votndalen, Ål / tlf. 32 08 41 97**  
[www.al.no](http://www.al.no)



### ØDELIEN HYTTER

Fire hytter med høg standard på fjellgarden Ødelien, like ved Vatsfjorden. På garden er det også eit stabbur til leige. 9-10 sengeplassar i kvar hytte og plass til 4-5 personar i stabburet. Total kapasitet ca. 45 personar.

**Leveld, Ål / tlf. 32 08 33 48**  
[www.al.no](http://www.al.no)

LEILEGHEITER



### ÅL SKISENTER

Leilegheita ligg usjenert i andre etasje over skituleiga i Ål skisenter. Den har 4 soverom, der 3 har dobbeltseng og 1 har 2 køyesengar.

**Votndalen, Ål / tlf. 974 38 000**  
[www.aalski.no](http://www.aalski.no)

### TORPOMOEN

Overnattingskapasitet for inntil 170 personar i 53 trivelege rom. Storkjøkken, treningsrom, peisestove, skistall og smørerom, møterom, pistolbane og 50 m skytebane til disposisjon for grupper.

**Torpomoen / tlf. 32 08 29 20**  
[www.torpomoen.no](http://www.torpomoen.no)



### TORSTEINSLÅTTA GÅRD

Idyllisk stad ved elva Lya på Opheimsåsen. Storstugu: 7 familierom med forholdsvis enkel standard. I 2.etasje: Stor forsamlingsssal med tilhøyrande kjøkken. Syverstugu: 3 leilegheiter. I 2.etasje: To mindre leilegheiter med noko enklare standard.

**Opheim, Ål / tlf. 468 32 959**  
[www.syningen.com](http://www.syningen.com)



## NORGESBOOKING

Hjelper deg med å finne den rette hytta eller leilegheita i Ål, ut frå dine behov og ynskjer. Online booking eller pr. telefon.

**Norgesbooking / tlf. 32 08 57 10**  
[www.norgesbooking.no](http://www.norgesbooking.no)

## SKARSLIA APARTMENT

16 store leilegheiter og 2 hytter av god standard, 950 m.o.h. Totalt 100 senger. Kafeteria, samt felleskjøkken, loftstove og fellesareal til disposisjon for grupper. Bergsjøområdet / tlf. 32 08 46 84  
[www.skarslia.no](http://www.skarslia.no)



## ÅL FOLKEHØGSKULE

18 hytter med totalt 61 sengeplassar og 11 leilegheiter med til saman 50 senger. Hyttene er plassert på skulens område på Bakketeigen og spesielt godt egna for grupper pga. den store kapasiteten og fasilitetane ute og inne.

**Bakketeigen, Ål / tlf. 32 08 26 00**  
[www.al.fhs.no](http://www.al.fhs.no)



## HALLINGDAL FERIEPARK

★★★★★

Bu i luksus-campingvogn, glamtelt eller alternativt i eigen campingvogn/bubil. Førsteklasses fasilitetar med velusyrt felleskjøkken og vaskerom. Stort aktivitetstilbod i parken.

**Myrov.15, Ål sentrum**  
**tlf. 32 69 92 00 / [www.feriepark.no](http://www.feriepark.no)**

## SATASLÅTTEN CAMPING

Sataslåtten Camping finn du 4 km aust for Ål sentrum like ved Rv. 7. 15 hytter med totalt 64 sengar (alle u/vatn). Stor plass til campingvognar og telt. Gode moglegheiter for fiske og vandring. Sykkelvegen Hallingdalsløypa passerar like ved.

**Sataslåtten Rv. 7 / tlf. 32 08 55 92**  
**[www.sataslaaten.webs.com](http://www.sataslaaten.webs.com)**



## ÅL CAMPING

Ål Camping ligg 2,5 km aust for Ål sentrum. 48 sengeplassar fordelt på 12 hytter (alle u/vatn). Plass for campingvognar og telt. Plassen ligg fredfullt til i vakker natur med gode fiskemoglegheiter.

**Ål Camping Rv. 7 / tlf. 413 00 332**  
**[www.aalcamping.no](http://www.aalcamping.no)**